



Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandler, telefon
Terje Natland, 5557 2168

Vår dato
04.04.2018
Deres dato
«REFDATO»

Vår referanse
2018/4391
Deres referanse
«REF»

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Førespurnad om status for arbeid med "Hovudplan - skogsveg - Hordaland - 2018"

Det har i fleire år vore arbeid med «Hovudplan skogsveg» for dei fleste kommunane i Hordaland. No kan det sjå ut som om arbeidet har stoppa opp etter at Oddbjørn Helland slutta som vegplanleggjar i Skogselskapet i Hordaland.

«Hovudplan – skogsveg» er eit svært nyttig reiskap for overordna planlegging av skogsvegar i fylket og naudsynt for å synleggjere trongen for skogsvegbygging og tilskotsmidlar til desse. Våren 2017 blei det sendt ut kart og utkast til tekstdel til alle kommunane der det er skoginteresser av eit viss omfang.

Fram til i dag er det berre tre kommunar som har vedteke «Hovudplan skogsveg» (Etne, Voss og Kvinnherad). Vi vil gjerne høyre erfaringane med planen frå desse kommunane og om planen vert nytta.

Til sist vil Fylkesmannen minne om at vegar som er teikna og omtalt i vedteken «Hovudplan skogsveg» vert prioritert over vegar frå kommunar utan Hovudplan, jf. Retningsliner for veg og taubane.

Om kommunen treng hjelp med vidare hovudplanarbeid, tar kontakt med oss. Vi kan bidra med rettleiing, fagleg innspel og erfaringsoverføring frå andre kommunar.

Fylkesmannen ber om svar på kor arbeidet med «Hovudplan – skogsveg» står i dykkar kommune. Vi ber om svar snarast og innan 20.april 2018.

Med helsing

Dirk Kohlmann
ass. landbruksdirektør

Terje Natland
fylkesskogmeister

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.